



Ombygging Stårheim skule



Prosjektbakgrunn:

Jamfør vedtak godkjent i K-sak 077/13 - ombygging av Stårheim skule for å utbetre byggtekniske- og arbeidstilhøve ved skulen.

Kontaktinfo: Har du spørsmål om prosjektet - ta kontakt!

Eid kommune:
Jonfinn Hole
Prosjektleiar Eid kommune
Tlf.: 908 23 103
Epost:
jonfinn.hole@eid.kommune.no

Entreprenør:
Stårheim Bygg AS
Tlf.: 958 59 437
Epost:
terje@starheimbygg.no

Oppstart ombygging

Det planlagde arbeidet med ombygging av Stårheim skule har no starta opp. Med dette vil skulen no få gode og tenlege lokale både for tilsette og elevar.

Omfang

Ombygginga omfattar deling av eksisterande areal til nye grupperom og lærararbeidsplassar, samt bygging av eit mindre tilbygg for boss-handtering og reinhaldsfunksjonar. Innvendig ombygging skal utførast i eksisterande mediatek/bibliotek og klasserom; der det skal delast av for 2 grupperom og arbeidsplassar for lærarar.

I høve avdeling av klasserom skal eksisterande hems rivast og veggjar/tak utbetrast for sår. Den opne trappa i mediateket vert demontert, tilpassa og monterert med ny gangretning.

Abeidet skissert over vert utført i bygningsdelen oppført i 1993.

På nordsida av den eldre delen av skulen bygd i 1969 blir det no bygd eit vaskerom på ca 11 kvm og eit bossrom for oppbevaring av bossdunkar. I tillegg skal yttertaket over garderobane ved gymsalen tekkast om.

Det vert i høve ombygginga også lagt inn spreingsnett for trådløst nettverk på heile skulen.

Arbeidet vil halde fram utover våren og sommaren, og skal etter planen vere ferdigstilt i byrjinga av juli. I perioden skulen er i drift vil det bli tatt spesielle omsyn og gjort tiltak for skjerming mot støy og sikring av anleggsområdet.

Framdrift: Oppstart - veke 16, ferdigstilling - veke 27.

Med helsing Eid kommune